

Stad kommune mot 2030

Kommuneplanen sin samfunnsdel 2020-2032



Vedteken av Stad kommunestyre
10. september 2020,
KS-sak 20/140





Innhold

FORORD	4	
Kapittel 1	VISJON OG HOVUDELEMENT	6
Kapittel 2	VERDIGRUNNLAG	12
Kapittel 3	ENDRING OG BEREKRAFTIG UTVIKLING SOM PREMISS FOR LIVSKRAFT	14
Kapittel 4	SAMFUNNET VI SKAL SKAPE	20
	4.1 Utdjuping av samfunnsmålet	22
Kapittel 5	OVERORDNA STRATEGIAR	26
	5.1 Heilskapleg og effektiv	28
	5.2 Samskapande og inkluderande	30
	5.3 Nyskapande og kompetent	32
Kapittel 6	OVERORDNA AREALSTRATEGI	34
	6.1 Overordna strategiar for arealplanlegging i Stad kommune	36

FOTO

Forside, s6: Joakim Vedvik
s2,12,15,17,20,22,25,26,31,33,35,37,38: Steinar Engeland
s4: Mads Suh Pettersen
s4 (portrett), 9: Jørn-Arne Tomasdard
s10,14: Ulf Pettersson
s29: Gabby Orcutt



Forord

Samfunnet blir sjeldan endra frå toppen.
Endring skjer nedanfrå. Fordi nokon vil noko,
drøymer om noko, trur på noko.

Difor er lokalsamfunn, lokal utvikling og lokal politikk viktig. Sjølv i ein liten kommune som Stad er det nær sagt uendeleg med ressursar – viss vi dreg i lag.

Dokumentet du no les i, gir ikkje alle svar i detalj. Men det er eit forsøk på å gi ei retning – ei felles retning for framtidig utvikling av Stad kommune, slik at alle ressursane i samfunnet vert mobilisert til felles innsats. For å hjelpe kvarandre i kvardagen – og for å ta oss vidare inn i framtida.

Skal Stad vere ein stad folk ynskjer å bu i framtida, må vi klare å vere både jordnære og visjonære på same tid. Det må vere asfalt på vegane og flinke folk i omsorgstenestene. Men vi må også endre oss. Ha energi og kraft til å vere ein stad folk ynskjer å bu - som eit fullgott alternativ til dei store byane. Med mangfold, rom for å vere annleis og framtidsretta bedrifter og arbeidsplassar.

Vi i Stad har vore distriktpionerar i 1000 år. Vi har bygd dei største skipa, vore sete for den fyrste bispen, dei fyrste skulane og det

fyrste operahuset. Vi har gode, trygge lokalsamfunn, drivande folk, stor dugnadsånd og bur i verdas lukkelegaste land.

Vi kan aldri bli størst. Men vi kan strekke oss etter å bli verdas beste vesle stad.

Sommaren 2020 var samfunnsplanen «ute på tur» i heile Stad kommune. Der fekk vi kloke, viktige og verdfulle tilbakemeldingar og innspel langs vegen – saman med meir formelle høyringsinngrep frå Vestland fylkeskommune, Fylkesmannen og mange andre. Planen du no les, er gjennomgått på nytt etter desse tilbakemeldingane og innspela. Deretter er planen handsama i alle politiske råd og utval i Stad i august/september 2020, og endeleg vedteken i Stad kommunestyre 10. september 2020.

Velkomen til å bli med og lage verdas beste vesle stad!

Alfred Bjørlo, ordførar

KAPITELL 1

Visjon og hovedelement



Visjonen «**Verdas beste vesle stad**» viser veg framover.

Den skal samle og inspirere til felles utvikling og endring. Den skal gje oss krefter til alltid å ville nå lenger.

Stad i Nordfjord, lengst vest i Noreg mot det villaste havet. Ein liten stad i verda der du kan få det beste ut av livet – i kvar dagen. Her finn du alt på ein stad, av det du eigentleg treng i livet. Kommunen er stor nok til å gje deg rom til å leve ut draumane dine – liten nok til å sjå deg og ta vare på deg. Visjonen er inspirert av – og dedikert til folket i Stad.

Posisjonen som «**distriktpioner**» skal kjenneteikne kommunen vår og det vi står for.

Samfunnet Stad skal utviklast med utgangspunkt i kommunen sin eigenart, og ved hjelp av dette ta ein tydeleg posisjon som «distriktpioner».

Stad kommune skal vere ein føregangskommune for Distrikts-Noreg.

Posisjonen skal engasjere og mobilisere utviklingskraft blant alle som vi er avhengige av å ha med på laget. Stad har energi og kraft til å utvikle ein sterkare kommune og bidra til utvikling av Nordfjord og Vestland fylke.

Energien som finst hos innbyggjarane, naturgitte føresetnader, kultur, historie og næringsliv er viktig for utviklinga.

Hovedelement i kommuneplanen sin samfunnsdel:

Visjonen Verdas beste vesle stad viser retninga for utviklinga fram til 2032.

Posisjonen Distriktpioner skal setje Stad på kartet og styrke utviklingskrafta vår.

Verdiane som skal kjenneteikne oss:

- Nær
- Raus
- Skapande
- Heilhjarta

Samfunnsmålet Stad er eit livskraftig og trygt samfunn der vi alle dreg i lag.

Strategiske satsingsområde for samfunnet vi skal skape i planperioden:

- Heilskapleg og effektiv
- Samskapande og inkluderande
- Nyskapande og kompetent

Arealstrategien skal bidra til at måla i samfunnsdelen kan realiserast gjennom arealpolitikken.

FN sine berekraftsmål

FN sine berekraftsmål gjev ei overordna ramme for den strategiske utviklinga av Stad kommune. Dei tre berekraftsdimensjonane; miljømessig, sosial og økonomisk berekraft, henger saman og påverkar kvarandre. Den miljømessige berekrafta er ein føresetnad for sosial og økonomisk berekraft.

Berekraftsmåla endrar måten kommunen arbeider på, og gjev ein større agenda - Stad kommune deltek i verdas felles innsats for å sikre sosial rettferd og god helse, og for å stanse tap av naturmangfald og klimaendringar.

Attraktiv stad å bu, besøke og drive næring

Telemarksforsking sin attraktivitetsteori dannar det teoretiske grunnlaget for kommunen sitt arbeid med samfunnsutvikling. Teorien legg til grunn at kvar stad kan påverke si eiga utvikling. Og peikar på kva staden sjølv kan gjere for å bli ein attraktiv stad å bu, besøke og drive næring.


Eit sentralt funn i teorien er at det å vere ein «triveleg stad å bu» ikkje i seg sjølv er nok til å skape attraktivitet. Stadar blir attraktive fordi dei skapar noko nytt eller forbetrar noko ein allereie har. Endringar er i seg sjølv med å skape utviklingkraft. For Stad handlar det difor om å forbetre og tilføre noko nytt og å sjå verdien av å utvikle heile arbeids- og serviceregionen som kommunen er ein del av.



Stad står støtt. Det ligg i namnet.
Støtt der fjord og fjell og hav skapar
draumar om til liv.
Gode liv med folk som held saman.
Det er hender som må til for å halda.
Sterke band.
Nære hender til å stola på.
Eit godt grep
Rause hender som lyfter fram andre.
Tar i eit tak.
Skapande hender som alltid har sett nye
horisontar.
Dristig.
Og heilhjarta hender som du veit er der.
Tryggleik
Slik er me som kallar oss folka frå Stad.
Den finaste villaste naturen.
Alt i ein fjord.
Det friske vatnet,
deilige duft av eng
og skog og lyd av hav.
Hesthovar og rockegitar.
Dei artige folka som stadig finn på nye ting.
Lydar, smil og latter.
Me likar slikt.
Kultur heiter det visst.
Gløym kvitt og svart og ditt og mitt.
Og pjatt.
For Stad står støtt.
Med vikingblod.
Alle våre nære, rause, skapande
og heilhjarta hender bygger Stad.
Kvar dag.
No - som før.

«Verdas beste vesle stad»

- Arne Hjeltnes -



KAPITELL 2

Verdigrunnlag



Verdiar gir uttrykk for kva som betyr noko for oss. Vi ønsker difor å bli samde om kva som skal kjenneteikne oss som arbeider i og for Stad kommune.

Verdiane skal vere ein vegvisar for handlingar vi skal utføre, dei vurderingane vi skal gjere og dei haldningane vi skal innta.

Verdiane skal bygge på Stad kommune sin visjon, målet for samfunnet vi skal skape og posisjonen vi skal ta. Det er utforma fire verdiar som er basert på innspel frå leiar-samlingar, fellesnemnda sine prosessar, fellessamling der alle tilsette var inviterte og innspel i politiske utvalsmøte i Stad.

Verdiane seier noko om kven og kva vi ønsker å vere både som enkeltindivid, kommuneorganisasjon og samfunn. Vi ønsker at dei skal vere styrande for måten kommunen kommuniserer og prioriterer.

Dei tek opp i seg styrkane vi har og støttar opp under ambisjonen om utvikling, og dei tek samfunnet i retning av visjonen vår.

I Stad kommune ønsker vi å vere:

Nær

Som handlar om å vere lett å nå, open, tilstades, engasjert, villig til å delta, omtenksam og empatisk.

Raus

Som handlar om å vere imøtekommende, vise tillit, anerkjenne kvarandre og ulike perspektiv.

Skapande

Som handlar om å vere nytenkande, løysingsorientert, ansvarleg, strategisk og modig.

Heilhjarta

Som handlar om å gje av seg sjølv, ta eigarskap, strekke seg, vite at det du gjer betyr noko for nokon og gjere ting skikkeleg.

KAPITELL 3

Endring og berekraftig utvikling som premiss for livskraft



**Stad kommune vert som alle andre stadar
påverka av globale endringar:**

- Demografiske endringar
- Klimaendringar og tap av naturmangfold
- Globalisering og urbanisering

Demografien er prega av færre fødde, auka levealder, endra helseutfordringar og auke i flyttestraumar.

Klimaendringane fører til dramatiske naturkatastrofar og påverkar grunnleggande tilgang til naturressursar.

Globalisering må sjåast på som ein kontinuerleg prosess, der samfunn, kultur og økonomi utviklar seg på tvers av landegrenser. Det digitale samfunnet gjer fysisk avstand mindre relevant. Samtidig skjer det ei urbanisering ved at fleire vel å bu sentralt. Konkuransen om innbyggjarane og arbeidskrafta aukar.




Globale berekraftmål som premiss

Berekraftsmåla består av 17 mål og 169 delmål som skal gi ei felles global retning for land, næringsliv og sivilsamfunn. Noreg har forplikta seg til å arbeide for å nå måla. Berekraftig utvikling handlar om å ta vare på behova til menneska som lever i dag, utan å øydelegge framtidige generasjonar sine moglegheiter til å dekke sine behov.

Gjennom «Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2019–2023» gir regjeringa tydelege føringar for at kommunane og fylka skal legge FN sine berekraftsmål til grunn for samfunns- og arealplanlegginga. Kommunen skal nytte mellom anna berekraftsmåla som eit verktøy for å utvikle samfunnet i ei retning som gjev berekraftige lokale løysingar, som samtidig bidreg globalt.

Berekraftsmåla reflekterer dei tre dimensjonane i berekraftig utvikling:
Klima og miljø, sosiale forhold og økonomi.



Eit berekraftig klima og miljø må sjåast som ein føresetnad for sosial og økonomisk berekraft.



Ein stad der folk vil bu

Folketalet i Noreg har vore i kraftig vekst dei siste tiåra. Men veksten har dei siste åra bremsa opp, og det er venta ein vedvarande lågare folketalsvekst framover.

Prognosane nasjonalt viser at folketalsveksten først og fremst er venta å skje i byane og i omlandet til dei store byane. Dei nasjonale trendane syner også over lang tid det som vert kalla ei «desentral sentralisering», noko som betyr at ein større del av befolkninga også utanom byane søker inn mot å bu i tettstadar og distriktsenter. Lågare innvandring, stadig lengre levealder og færre fødde barn gjer også at aldringa av befolkninga vil bli sterkare enn ein har trudd tidlegare.

Det gjeld særleg i Distrikts-Noreg, og vil forsterke utfordringa vi allereie ser med knappheit på arbeidskraft, både i privat og offentleg sektor.

Å halde oppe folketalet i Stad og å legge til rette for auka tilflytting blir svært viktig for ei livskraftig utvikling.

Stad er ein langstrakt og spreiddbygd kommune med 120 kilometer reiseveg frå vestlegaste busetnad ved Stadhavet til dei austlegaste bygdene ved Hornindalsvatnet.

Den klart største tettstaden er kommunesenteret Nordfjordeid, der om lag ein tredjedel av innbyggjarane bur. Dette er eit sterkt og veksande kommunesenter.

Områda som no utgjer Stad kommune har samla sett hatt ganske små endringar i folketaket sidan 2000-talet.

Nettoutflyttinga har vore stor i enkelte periodar. Samla sett har kommunen hatt (litt) vekst som kan forklara med noko fødselsoverskot og noko tilflytting. Fødselsoverskotet for Stad (tal fødde minus tal døde per år) er no rundt null.

Innvandringa har fram til no vore viktig for positiv folketalsutvikling i Stad. Som for Vestland generelt er kvar tiande innbyggjar i Stad innvandrar, dei fleste frå Europa.

Innvandringa har vore størst frå Polen, Syria, Litauen og Tyskland.

Det blir viktig å arbeide for ei mindre nettoutflytting, og for ei større innanlands nettotilflytting og innvandring i Stad dei komande åra.

Det er aldersgruppa 20 - 44 år som skil seg mest frå landet, og frå Vestland fylke. Stad har eit stort potensiale i å få fleire i denne aldersgruppa til å bli buande og busetje seg i Stad.

Bustadattraktivitet blir skapt ved stadspesifikke forhold. Tilflytting som ikkje kan forklara verken av arbeidsplassvekst eller strukturelle faktorar, blir brukt som ein indikator for å måle om kommunen er meir attraktiv for tilflytting enn ein skulle vente ut frå spesielle stadspezifiske tilhøve (Telemarksforsking).

Den nye regionale analysen for 2020 for Stad kommune viser at Stad har ein positiv bustadattraktivitet med eit flyttetal på 0,7% høgre enn forventa, i perioden frå 2009-2018. Stad har med dette tiltrekt seg fleire innbyggjarar enn venta. Som den einaste av nabokommunane har også Gloppen klart dette.

Med dagens positive bustadattraktivitet har Stad kommune eit godt utgangspunkt for vidare vekst i form av å behalde og tiltrekke seg nye innbyggjarar. Det skjer likevel ikkje utan eit kontinuerleg og strategisk arbeid for å tette gapet mellom venta folketalsutvikling bygd på Statistisk sentralbyrå sine framskrivingar, og der vi ønsker å vere.

Distrikts-Noreg har per i dag ikkje nok arbeidsplassar innanfor dei næringane som strukturelt sett veks mest i Noreg. Desse finn vi i dag i dei store, sentrale kommunane. Men klima- og miljøutfordringane og teknologiutviklinga påverkar heile samfunnet og gjev nye mogleigheter.

Arbeidslivet må bli grønare, smartare og meir nyskapande. Moglegheitene for grøn omstilling, framtidig vekst og nye arbeidsplassar i distrikta er stor for næringar som har verda som marknad. Desse næringane finn vi allereie i dag i Stad og i regionen vår. Initiativ og samarbeid opp mot sentrale styresmakter blir viktig for å kunne delta i omstillingssarbeidet.



Lokalt må vi også legge til rette for å ha ein arbeidsstyrke med den kompetansen som næringslivet treng gjennom målretta rekrutteringsarbeid og desentraliserte utdannings- og FoU-tilbod.

Næringsattraktivitet er den delen av næringslivsveksten som ikkje skuldast konjunkturar, folketalsvekst eller kjende strukturelle forhold.


For Stad har utviklinga i næringslivet i følge den regionale analysen vore som venta. Arbeidsplassutviklinga har vore omrent konstant sidan 2000, men med fleire arbeidsplassar i offentleg sektor og færre i næringslivet. Nedgangen skuldast strukturelle forhold og bransjestruktur; samansetninga av næringslivet i Stad. Av nabokommunane har Gloppen og Stryn noko betre næringslivsvekst enn prognosane tilseier.

Positiv næringsaktivitet også hos kommunane som inngår i Stad sitt arbeids- og serviceområde, er viktig for å styrke både bu- og næringsattraktiviteten for Stad.

Skal vi vekse, kan vi ikkje berre vere «gjennomsnittleg gode» på attraktivitet som stad å bu og drive næring – vi må vere mellom dei beste i landet ut frå våre føresetnader og strekke oss etter å vere verdas beste vesle stad.

KAPITELL 4

Samfunnet vi skal skape



Stad kommune er ein ny kommune, bygd på samfunnsmålet om at «Stad er eit livskraftig og trygt samfunn der vi alle dreg i lag».

Stad kommune skal vere ein stad der folk vil bu. Dette er ein føresetnad for å vere livskraftig. Vi må då først og fremst satse på innbyggjarane, frivillige lag og organisasjonar og næringsliv som alt er her. Det er innbyggjarane som skapar livsgrunnlaget for Stad kommune og som gir næringslivet nødvendig tilgang på arbeidskraft, slik at også næringslivet kan utvikle seg.

For at vi skal møte framtida som eit livskraftig samfunn, må vi bli fleire. Dette blir vi ved at dei som bur her opplever at dette er ein så god stad å bu at dei vel å bli buande og ved å synleggjere dei gode bukvalitetane og mangfaldet av spennande arbeidsplassar i næringslivet slik at fleire vel å flytte hit. For at vi skal vere eit samfunn som folk ønsker å flytte til, må vi først og fremst skape eit samfunn der folk vil bu. Samfunnet, med innbyggjarar, frivillige lag og organisasjonar og næringsliv, skal utviklast med utgangspunkt nettopp i desse ressursane og staden sin eigenart.

Eit trygt samfunn er ein føresetnad for at folk skal ønske å bu og at næringslivet skal drive si verksemد i kommunen.

Samfunnet er, og har alltid vore, i endring. Det skaper både utfordringar og mogleg-

heiter for ein kommune som Stad. Vi har endringskrefter i samfunnet rundt oss som både arbeider med og mot oss. Men vi er ikkje berre i «blinde krefters vald» - Stad kommune har potensiale og kapasitet til å påverke folketals- og næringsutviklinga sjølv.

Vi legg til grunn for Stad kommune si samfunnsplanlegging at endringstakta i samfunnet blir raskare i åra framover – ikkje minst på grunn av klimaomstilling og ei rivande teknologisk utvikling. Forsking syner at distriktskommunar som klarer å snu seg raskt rundt og nytte moglegheitene som opnar seg som følge av samfunnsendringar rundt seg, har betre høve til å oppnå vekst i folketal og arbeidsplassar enn andre.

For å lukkast med dette må vi dra i lag og jobbe saman for kvarandre, for nærmiljøet, for kommunen og regionen vi bur i – og gjere Stad til verdas beste vesle stad.

Stad skal vere eit livskraftig og trygt samfunn. Vi skal vere ein så god kommune å bu i at folk ønsker å bli buande her og nye flyttar til. Vi skal skape aktivitet og utvikling, ta ein posisjon som distriktpioner og sette Stad på kartet.



4.1. Utdjuping av samfunnsmålet

SAMFUNNSMÅLET;

«**Stad er eit livskraftig og trygt samfunn der vi alle dreg i lag**», er ei kort skildring av det samfunnet vi ønsker å skape.

Stad kommune har mange roller i samfunnet; demokratisk arena, samfunnsutviklar, tenesteytar og forvaltar. Samfunnsmålet er difor utdjupa av delmål som bygger på breidda i kommunen sine oppgåver.

Delmål

Stad kommune skal vere ein så god kommune å bu i at folk ønsker å bli buande her og nye flyttar til.

Stad kommune skal ha gode levekår og tenestar for innbyggjarar i alle livsfasar og aldrar.

Stad kommune skal innan 2030 ha 10.000 innbyggjarar - ein samla vekst på 6% (55 innbyggjarar per år) fram til 2030.

Stad kommune deltek i verdas felles innsats for å sikre sosial rettferd og god helse og for å stanse tap av naturmangfold og klimaendringar.

Punkta under er ei utdjuping av samfunnsmålet. For Stad kommune vil det vere viktig å:

- A. Sikre at innbyggjarane i Stad opplever at det er trygt å bu i Stad, mellom anna ved at dei får dekka sine grunnleggande behov for velferdstenester.
- B. Arbeide for ein lukkeleg barndom, og sikre at alle barn i Stad får ein trygg og tilpassa oppvekst i eit inkluderande fellesskap, med eit mangfaldig barnehage-, skule og fritidstilbod, der dei kan få nytta og utvikla evnene sine og bli sjølvstendige menneske med god psykisk og fysisk helse.
- C. Sikre at innbyggjarane i Stad får dei same moglegitene og fridomen til å skape si eiga framtid, ved å redusere sosial ulikskap.
- H. Arbeide målretta for å behalde og få fleire innbyggjarar i aldersgruppa 20 til 40 år, mellom anna ved å tilby attraktive og byggbare tomter, dette for å oppnå ei demografisk utvikling som er balansert og livskraftig.
- I. Samarbeide med innbyggjarane, frivillige lag og organisasjonar og næringslivet i bygdene og sentrum om å utvikle menneskevenlege og levande lokalsamfunn og sentrum basert på stadeigne ressursar og kvalitetar, for å skape livskraft i heile kommunen.
- J. Utvikle komunesenteret slik at der er eit utvida handels-, skule- og kulturtilbod som kan møte innbyggjarane sine behov og forventningar.
- K. Formidle vår eigenart og våre styrker med utgangspunkt i stadtaktilitetar, identitet og historie, for å skape fellesskap og stoltheit blant innbyggjarane og gode opplevingar for besökande.
- L. Utvikle samfunnet slik at klimagassutsleppa vert sterkt redusert, arbeide aktivt for klimaomstilling i samfunnet og grøn vekst i næringslivet, og utvikle transportsystem som gjev mobilitet.
- M. Sikre livskraft ved å ta vare på og utvikle verdifulle naturlege og menneskeskapte miljø.
- N. Vere pådrivar for å gi innbyggjarane moglegheit til å ta gode klima- og miljøval i kvardagen.
- O. Vere i front for overgangen frå fossil til nullutslepps-teknologi på sjø og land, effektiv infrastruktur både i høve til fysisk stadutvikling og grøn mobilitet, og digitalisering som reduserer unødvendig transport.
- P. Arbeide aktivt med klimatilpassing for å unngå dei negative konsekvensane av klimaendringane slik at innbyggjarar og næringsliv opplever at det er trygt å bu og drive næring og å reise i Stad.
- D. Gje alle innbyggjarar i Stad høve til å leve meiningsfulle og aktive liv gjennom å likeverdig kunne delta i samfunnslivet ved å legge til rette for universell utforming og aktiv inkludering.
- E. Førebygge einsemd hos eldre og andre aldersgrupper.
- F. Fremje kreativitet ved å støtte opp under den frie profesjonelle kunsten, kulturbaserte næringer, nye og etablerte nettverk for kunst- og kulturinstitusjonar og -organisasjonar.
- G. Gje innbyggjarane moglegheit til å leve urbant og landleg på same tid, dette er nødvendig for å arbeide mot dei nasjonale flyttestraumane og for innbyggjarane sine forventningar til levetid.
- Q. Sikre trygge og effektive transportsystem som gjev mobilitet og trygg reiseveg i kommunen og regionen.
- R. Ta vare på viktige natur- og kulturverdiar, for å sikre ei utvikling basert på staden sin eigenart.
- S. Samarbeide med nabokommunane for å utvikle ein sterk bu-, arbeid- og serviceregion som kjem innbyggjarane og næringslivet til gode.
- T. Støtte oppunder utviklinga i Vestland fylke, for å legge til rette for regional omstilling og vekst, gjennom regionalt samarbeid og samskaping.
- U. Sikre gode tilhøve for digital kommunikasjon.
- V. Bidra til å sikre lokal verdiskaping.
- W. Sikre at barn og unge som veks opp i Stad har god kjennskap til det mangfaldige næringslivet og moglegitene det har å by på.
- X. Vere ein attraktiv lokaliseringstad for både ny næringsverksem, regionale og nasjonale arbeidsplassar – for å støtte opp under nasjonal distriktpolitikk og styrke regionen som ein arbeid- og serviceregion.
- Y. Delta i den nasjonale utviklinga av distriktpolitikken, for å bidra til ein føremålstøyting og livskraftig distriktpolitikk.
- Z. Bidra til livskraftige lokalsamfunn gjennom innovative, berekraftige måtar å levere morgondagens velferdsstenester på ved å delta i pilotordningar.
- Æ. Gjennom bruk og vern av areal sikre at vi tek vare på vår eigenart, samtidig som vi legg til rette for vekst og utvikling.



KAPITELL 5

Overordna strategiar



Stad kommune har valt ut tre strategiske satsingsområde som viser korleis kommunen skal arbeide for å nå samfunnsmålet vårt:

1.

Heilskapleg og effektiv

2.

Samskapande og inkluderande

3.

Nyskapande og kompetent

Dei strategiske satsingsområda er utdjupa med delmål og strategiar som seier korleis vi skal gjere det.

5.1 Heilskapleg og effektiv

Folk har ulike behov i møte med kommunen.

Å møte eit menneske, ein familie, ein organisasjon eller ei bedrift på ein heilskapleg og effektiv måte handlar om å ta utgangspunkt i den enkelte sitt behov og i fellesskap finne løysingar for å dekke dette behovet.

For eit eldre menneske kan det innebere å få dekt eit behov for praktisk bistand i heimen. For ein familie kan det handle om opningstider i barnehage og skulefritidsordning. For ei bedrift kan dette handle om at kommunen har eit oppdatert plangrunnlag, som også ligg enkelt tilgjengeleg på kommunen si heimeside.


Kunnskap om den enkelte brukar sitt behov er avgjerande for å kunne gi heilskaplege og effektive tenester, til alle brukargrupper.

Ei effektiv teneste er ei teneste som «treff» behovet til den enkelte. Kommunen har ikkje løyst samfunnsoppdraget før ein har oppnåd dette.

Kommunen har eit ansvar for å gi innbyggjarane likeverdige tenester av kvalitet og omfang. Stad kommune må sjå og møte alle i samfunnet vårt.

Med deg i sentrum - Dei som nyttar tenestene i Stad kommune skal oppleve tenestene som samanhengande og heilskaplege.

Dei offentlege tenestene i Stad skal vere effektive og nytte ressursane optimalt for å kunne levere heilskaplege tenester.



Slik skal vi gjere det:

1. Setje brukaren sine behov i sentrum for Stad kommune si tenesteyting.
2. Utvikle og utøve Stad kommune si rolle som tenesteytar, forvaltar, demokratisk arena og samfunnsutviklar basert på nødvendig kunnskap om behov.
3. Setje Stad kommune som organisasjon i stand til å innhente innsikt og kunnskap om brukaren sitt behov - og la innsikt danne det naturlege grunnlaget for den enkelte si oppgåveløysing.
4. Utvikle enkle og tilgjengelege metodar og verktøy for brukarundersøkingar og medverknad.
5. Utvikle tenestene til å møte auka krav og meir komplekse behov ved å arbeide i ulike former for tverrfaglege team, gjennom formelle møteplassar og med eit felles styringssystem.
6. Samarbeide med andre relevante aktørar for å skape samanheng på tvers av administrative og geografiske skilje, dette for å ta utgangspunkt i brukaren av tenesta som har behov for å møte nokon som kan hjelpe å finne løysinga på behovet.
7. Digitalisere slik at det blir enklare for innbyggjarane å nytte tenestetilbodet.
8. Nytte teknologi i arbeidet slik at dei menneskelege ressursane kan nyttast optimalt.

5.2 Samskapande og inkluderande

Samskapande og inkluderande handlar om å dra i lag og jobbe saman for kvarandre, for nærmiljøet, for kommunen og regionen vi bur i - og gjere Stad til verdas beste vesle stad.

Kommunen er ein svært viktig demokratisk arena. Det er difor viktig med likeverdige partnarskap - der alle kjenner seg forplikta til å gjere ein innsats for å utvikle samfunnet vårt.

Mange menneske blir enno utsett for rasisme og diskriminering. Ein sterkare og tydelegare kamp mot rasisme - på alle nivå - er ein føresetnad for å nå målet om å bli ein god stad å bu for alle.

Ordet kommune er danna av det latinske *communis* som betyr «felles». Vi må sjå kommuneorganisasjonen som ein del av eit felles samfunn. Ved å skape saman - oppnår vi meir.

Stad skal utvikle seg til å bli framtidas samskapingskommune.

Stad kommune sine innbyggjarar skal sikrast likeverdige høve til å delta i samfunnsliv og demokratiske prosessar.

Vi skal halde fram med å utvikle eit felles "vi" i Stad. Der vi har tillit til kvarandre og anerkjenner kvarandre og ulike perspektiv.

Slik skal vi gjere det:

9. Arbeide saman med innbyggjarane, frivillig sektor og næringslivet for å definere behov og utfordringar i samfunnet og nytte felles ressursar for å løyse desse.
10. Bli flinke til å sjå alle sine ressursar og motivere alle til å bruke dei til det beste for sitt nærmiljø.
11. Arbeide saman med Vestland fylke og andre gode krefter for å nå målet om å gjere Vestland til ein antirasistisk sone. Som den største arbeidsgjevaren i kommunen er det også viktig at Stad kommune har merksemد på likeverd i eigen organisasjon.
12. Opparbeide tillit mellom aktørane og god sosial interaksjon slik at motsetnadene mellom ulike interesser kan handterast opent og konstruktivt.
13. Nytte ressursar både gjennom felles innsats og ved å setje oss inn i og forstå behov og bli meir treffsikre i val av løysing og ressursbruk.
14. Skape felles identitet og stoltheit saman med innbyggjarane, frivillige lag og organisasjonar og næringslivet basert på vår eigenart og våre styrker.
15. Mobilisere til meir samarbeid og tiltak for skulane ilag med kommune, politi, psykisk helseteneste, folkehelse og frivillige organisasjonar.

5.3 Nyskapande og kompetent

Nyskapande og kompetent seier noko om kva som skal kjenneteikne kulturen i Stad kommune, og gi oss kraft og vilje til å forbetre, fornye og utvikle oss i takt med stadige og raske samfunnsendringar.

Ein føresetnad for å vere nyskapande og kreativ er å vite kvar ein skal, utan til ein kvar til å hevde å vite korleis ein skal kome dit.

Å vere kompetent kan seiast å vere strategisk og kreativ på same tid. Ein planstyrt kommune er nødvendig for å skape føreseielege og trygge rammer for tenesteyting. Og gir nødvendig retning.

Prinsippet om nyskaping gir oss nødvendig rom for å vere løysingsorientert og fleksible - og i takt med stadige og raske samfunnsendringar.

Stad er ein stad der innbyggjarane får ta del i utviklinga av nærmiljøet i eigenregi.

Stad har ein fleksibel og endringsvillig kommuneorganisasjon.

Stad vågar å vere ein distriktpioner.



Slik skal vi gjøre det:

16. Vere ein katalysator som engasjerer og mobiliserer næringsliv og innbyggjarar til felles innsats for stadig forbetring og nyskaping.
17. Ha ei planmessig og kreativ samfunnsutvikling.
18. Offensivt næringsutviklingsarbeid i samspel med bedriftene.
19. Bidra til å utvikle framtidas næringsliv – sjå moglegheitene i store samfunnsendringar som grøn omstilling og digitalisering.
20. Utvikle sterke kompetansemiljø og størst mogelege ringverknader knytt til havrommet, vekstpotensialet i kystnæringane, reiseliv, elektro/automasjon/teknologi og ny fornybar energi.
21. Arbeide målretta for å styrke og utvikle utdanningstilboda i kommunen og regionen innanfor vidaregående utdanning, og utvikle nye tilbod på høgskulenivå.
22. Ha god situasjonsforståing, arbeide kunnskapsbasert og halde seg oppdatert på og bidra inn i viktige regionale og nasjonale prosessar.
23. Vere «distriktpioner».



KAPITELL 6

Overordna arealstrategi

Den overordna arealstrategien er bindeleddet mellom Stad kommune sin samfunnsdel og arealdel, og fastset hovudprinsippa for Stad kommune sin langsiktige arealbruk, arealforvaltning og stadutvikling.


Hovudprinsippa bygger på føringane i samfunnsdelen om å ta heile kommunen i bruk – samtidig som vi skal legge dei nasjonale føringane for planlegging til grunn. Arealstrategien skal bidra til å styre utviklinga i Stad i ønskt retning, og vil difor bygge på kommunen sin visjon og samfunnsmålet. FN sine berekraftsmål skal også leggast til grunn for samfunns- og arealplanlegginga, og kommunen skal nytte berekraftsmåla som eit verktøy for å utvikle samfunnet i ei retning som gjev berekraftige lokale løysingar, som samtidig bidreg globalt. For Stad kommune er det også viktig at vi gjennom bruk og vern av areal sikrar at vi tek vare på vår eigenart, samtidig som vi legg til rette for vekst og utvikling.

Senter- og stadutvikling i Stad

Senterstrukturen gir føringar for ei overordna funksjonsinndeling og arealbruk for dei større stadane i Stad. Inndeling av senterstrukturen med kommunesenter, lokalsenter og lokale knutepunkt speglar i kva grad stadane i dag har ein tettleik av arealutnytting, besøksintensive verksemder og infrastruktur for gåande og syklande. Den høgaste graden av slik tettleik finn vi i kommunesenteret.

Kartet viser også hovudtrekka i kommunen sitt framtidige tettbygde utbyggingsmønster og skal vere retningsgjevande for utarbeiding av kommuneplanen sin areadel og reguleringsplanar for fortetting og utbygging. Omsynet til kulturmiljø skal danne grunnlaget for kva som kan rekna for ei berekraftig utvikling av tettbygde område.

Arealstrategien gjev tydelege rammer for styringa av utbygginga mot område med ein desentralisert struktur for å bu, besøke



og drive næring, i hovudsak i tilknyting til eksisterande infrastruktur både for offentleg og privat tenesteyting.

Prinsippet om ein desentralisert struktur tilseier at kommunen i tillegg skal legge til rette for spreidd bustad-, fritids- eller næringsutbygging og anna spreidd utbygging utanfor senterstrukturen. Det skal i arealplanen utarbeidast føringar for slik utbygging. Omsynet til landbruksnæringa, kulturmiljøa og verne- og friluftsområda skal danne grunnlaget for kva som kan rekna for ei berekraftig utvikling av spreiddbygde område.

Kartet viser også det overordna transportsystemet i Stad. Transportårane i sjø og på land koplar kommunen som ein del av ein større bu-, arbeids- og serviceregion, og som ein nasjonal og internasjonal aktør innanfor marine- og maritime næringar.

6.1 Overordna strategiar for arealplanlegging i Stad kommune



Senter og knutepunkt:

24. Utvikle senterområda med utgangspunkt i staden sin eigenart og stadleg identitet, med variert butilbod, møteplassar, handel og tenester, tilpassa det naturlege omlandet.
25. Sikre og utvikle areal til offentleg og privat tenesteyting i samsvar med framtidig behov og forventa utvikling.
26. Prioritere fortetting og transformasjon i og nær senterområda, for å redusere behovet for å ta i bruk nye utbyggingsområde.
27. Unngå omdisponering av dyrka mark og fastsette langsiktig grense for utbygging mot utmark og jordbruksområde, for å ivareta frilufts- og landbruksomsyn.
28. Redusere transportbehovet gjennom samordna bustad-, areal- og transportplanlegging, med vekt på mobilitet til fots og på sykkel og tilrettelegging for andre miljøvenlege transportløysingar.
29. Sikre og vidareutvikle lokal grønstruktur med samband til bustadområde.
30. Sikre tilstrekkelege areal for utvikling av nye og eksisterande industri- og næringsverksemder. Ta i vare næringsareal for verksemder med behov for sjøtilknyting.
31. Lokalisere og utvikle utbyggingsområde tilpassa konsekvensar av klimaendringar.

Utanfor senter og knutepunkt:

32. Legge til rette for spreidd bustad-, fritids- og næringsutbygging utanfor senterstrukturen for å nå kommunen sine målsettingar om ein desentralisert struktur.
33. Legge til rette for auka verdiskapning basert på landbruks-, natur-, friluftsressursane sine premissar.
34. Bevare 100-metersbeltet langs sjø og vassdrag, og sikre ålmentas tilgjenge til strandsona. Det skal likevel kunne leggast til rette for kystbasert næringsutvikling, natur- og kulturbasert næringsutvikling og anna spreidd utbygging av bustader og fritidsbustadar innanfor samla tolegrense for utbygging i strandsona.
35. Sikre og vidareutvikle overordna grønstruktur og infrastruktur, med kopling til større utfartsområde for friluftsliv.
36. Bevare og verne dagens landbruks-, fiskeri-, natur- og friluftsområde mot vindkraftutbygging.
37. Legge til rette for å utnytte potensialet innanfor sjømatnæringa, inkludert leveranseindustri mot desse næringane.
38. Legge til rette for ein klimapositiv arealbruk gjennom å drive skogen aktivt, ta vare på matjorda, og legge til rette for taredyrking.



Hjartestad

Tekst/melodi: Vilde og Tore Hjelle

v1

Som ein knyttneve mot havet
som ingen storm kan ta
ligg Stadlandet med ein natur so rik
Og mens båra slår mot land
på ei kvit og fager strand
kan du surfe bølgene i Hoddevik

Ref:

Viss du tar ein tur te Nordfjord
og mi heimkommune Stad
må du vite om ein ting før du skal dra

At viss du tar ein tur te Nordfjord
kan du fort oppleve at -
du aldri meir ve reise her ifra
Det var her eg fann min hjartestad

v2

Eit kloster med ein helgen
og ei øy so grøn og fin
Selje ser ut som eit sydenparadis
Og med nordsjøen so nær
ser du bak deg når du fær
inn til Bryggja, som ligg der i solgangsbris

Ref:

Viss du tar ein tur te Nordfjord ...

v3

Ei sommarnatt, ein sti so bratt
i barsk og flott natur
Vi kom fram, og ut på morgenon det leid
Og såg sola kome opp
ifrå Trollenykjens topp
med ei nydelig utsikt over Eid

Ref:

Viss du tar ein tur te Nordfjord ...

v4

Fjell og fjord, ein båt so stor
eit folk med vikingblod
Ein stad der du kan finne fred og ro
Men då himmelen sto i brann
over Sagaparkens strand
Ja då visste eg, det var her eg ville bu

Ref:

Viss du tar ein tur te Nordfjord
og mi heimkommune Stad
må du vite om en ting før du skal dra
At viss du tar ein tur te Nordfjord
kan du fort oppleve at -
du aldri meir ve reise her ifra -
...viss du tar ein tur te Nordfjord
og mi heimkommune Stad
må du vite om ein ting før du skal dra
At viss du tar ein tur te Nordfjord
kan du fort oppleve at -
du aldri meir ve reise her ifra
Verdas beste vesle Stad



Stad kommune

